

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Vas-selen.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Kyrkjebø

Emne:

Bygdelag: Berge m. fl.

Oppskr. av: Anders H. Berge

Gard: Berge

(adresse): Nordeide

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
79 år gamald. Født i 1870.

SVAR

Etter nærare etterrøkjingar har vas-selen vore brukt her av mine foreldre og besteforeldre. Det er soleis over 100 år at den har vore brukt i vor bygd og i fleire bygdar her i heradet. Så vitt eg veit har mynstra ikkje kome inn ifrå utlandet eller andre stader i vort land. Det er ingen nolevande som veit kva beretre dei brukte før vas-selen kom i bruk. Min bestefar var både smed og snikkar og det var far min og. Eg trur for vist at vas-selen var komen i bruk før bestefar si tid.

I heradet finst her endå garar som brukar vasselen den dag idag. Noko meir veit eg ikkje å seia om denne saka.

3022

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY